



Saksframlegg

Arkivsak-dok. PLAN-21/00303-23
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval

Møtedato

Utvalsak

Detaljreguleringsplan Vågstranda Skytebane

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner kommunestyret forslag til detaljreguleringsplan for Vågstranda skytebane., med plankart datert 20.05.22, planomtale datert 20.06.22 og planbestemmelser som vedlagt (udatert).

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Planutvalet i Vestnes vedtok den 28.09.2021 oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Vågstranda skytebane. Målet med planen er å fastsette arealbruken for skytebaneområdet med tilhørende føresegner, samt etablere grunnlag for ekspropriasjon av grunnen. Det er Rieber Prosjekt AS som har utarbeidd planforslaget og forslagsstillarar er Vestnes og Vågstranda skyttarlag og Det frivillige Skyttervesen.

Planforslaget har vore lagt ut til offentleg ettersyn med frist for merknader sett til 31.august 2022. Innan fristen er det mottatt 9 merknader til planforslaget, herav 2 frå offentlege instansar og 7 private. I tillegg er det mottatt munnlege fråsegner, både pr. tlf. og ved oppmøte, men desse ønsker ikkje å eksponere namna sine.

Vurdering

Innspela er referert og kommentert nedanfor.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

For vassdraget rår NVE til å bruke arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med underkategorien *Natur og friluftsliv* til å synleggjere vassdraget i plankartet.

Kommunedirektøren har ingen kommentar til dette.

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Fylkeskommunen skriv at deira merknader til oppstartmeldinga ser ut til å vere ivaretatt og har ingen ytterlegare merknader.

Kommunedirektøren har ingen kommentar til dette.

Grunneigarar og naboar

Det er mottatt merknader frå følgjande grunneigarar og naboar:

- Advokatfirmaet Steinar Wiik Sørvik på vegne av Leidulf Øverland
- Ruben Alexander Dahl
- Olav Nyhagen
- Kenneth Finsås
- Ole Kåre Nyhagen
- Stig Robert Talberg
- Tor Rune Talberg

Merknadane frå grunneigarar og naboar handlar i stor grad om dei same forholda, sjølv om ordlyden i merknadane varierer noko. For å unngå å gjenta same kommentararane, er aktuelle tema gruppert slik det går fram nedanfor. Ein del merknader handlar om privatrettslege tilhøve og er ikkje kommentert. Dette er for eksempel knytt til disputt omkring leigeavtale, lovlegheit ved samanslåing av skyttarlag og liknande. I det følgjande er det derfor berre gitt kommentarar til tilhøva som gjeld reguleringsplanen.

Grunneigarar og naboar, merknad 1: Fleire hevdar at aktiviteten vil auke ekstremt. Dei viser til at tidlegare aktivitet har vore fire timer i veka, samanliknar dette med skytetidene - og kjem såleis til at skyteaktiviteten vil auke med fleire hundre prosent.

Kommunedirektøren viser til at skytetidene set maksimale rammer for skytinga. Det er ikkje slik at det vil foregå skyting heile tida. Hensikta med skytetidene er å avgrense tidsromma det er tillatt å skyte. Dette nettopp for å ivareta omgivnaden sine behov for tider der det ikkje foregår skyting. Vestnes skyttarlag og Vågstranda skyttarlag har hatt felles aktivitet i fleire år allereie. Alle skyttarlag opplever svingingar i aktivitet. Noko svingingar i aktivitet frå år til år må derfor pårekast, men det at skyttarlagene no er slått saman til eitt lag og at skytebana blir regulert, medfører ikkje i seg sjølv noko auke i aktivitetten.

Grunneigarar og naboar, merknad 2: Skytebana innfrir ikkje lovkrav til støysoner.

Kommunedirektøren viser til at det ikkje finns lovkrav til støysoner, men ei retningsline, som gir tilråding om støygrenser ved etablering av ny støyande verksemnd eller ny støyfølsam bebyggelse nær eksisterande støyande verksemnd. Her er både skytebane og bebyggelse eksisterande. I plana er de likevel stilt krav til støydempande portar som vil redusere støyen ved nærliggande støyfølsam bebyggelse til dei grensene som er tilrådd for nye skytebaner i retningslinna.

Grunneigarar og naboar, merknad 3: Støydempande portar gir ikkje redusert støy fordi støyen blir reflektert frå fjellet.

Kommunedirektøren viser til at reguleringsførere segnene stiller krav til at standplassen sine støydempande sideveggar og båsveggar skal forlengast med utslåande støydempande portar i forkant av båsane eller tiltak med tilsvarende støydempande effekt. Tiltaket har særleg god effekt rett ut mot sidene og betyr mest for den nærmaste bebyggelsen i aust. Portane vil også

til ein viss grad dempe støy i skyteretninga slik at også refleksjonsstøy blir noko redusert, sjølv om sistnemnde effekt er moderat.

Grunneigarar og naboor, merknad 4: Det blir påstått at skytebana ikkje gir fjernverknad, men kva med støy?

Kommunedirektøren viser til at «Fjernverknad» i planomtalen handlar om det visuelle. Støy er behandla som eige tema.

Grunneigarar og naboor, merknad 5: Det er mange andre skytebaner i nærleiken som aktiviteten kan flyttast til.

Kommunedirektøren viser til at sjølv om det finns andre skytebaner i tilsvarende køyreavstand, er det ikkje nødvendigvis enklare å flytte aktivitet til nokon av desse banene. Skyteaktiviteten ved Vågstranda skytebane er ikkje venta å auke som følgje av planen. Dersom aktiviteten på Vågstranda skytebane skulle flyttast til ei anna bane ville imidlertid aktiviteten der auke vesentleg. Det er lett å tenke at det er ubegrenset for andre å få auka støyande aktivitet i sitt nærområde, men etter reaksjonane i Vågstranda å døme kan det ikkje pårekna at naboor til andre skytebaner er meir villige til å ta imot meir støyande aktivitet.

Grunneigarar og naboor, merknad 6: Skytebana vil gi stor konflikt med friluftsliv og etter planen skal det skytast på tvers av turløypa/lysløypa tre av fem verkedagar, samt stemner i helgene. Det gjer at trenings- og friluftsliv i vesentleg grad blir blokkert for alle som nyttar skiløyper på vinteren eller går turstien til Storhaugen. Det er også skileikebakke i området.

Kommunedirektøren sin kommentar:

Sommarstid: Skytetidene opnar for skyting kl. 14-21 tre vekedagar om sommaren. Fram til kl. 14 desse dagane, og alle andre dagar, kan turstien gjennom skytebana sitt fareområde nyttast fritt. Det er opna for stemner inntil 4 helger i året. Ein del stemner går på rundgang, og dei fleste år vil det derfor vere færre stemnehelger enn dette. Med mange andre turmulegheiter i området synes ulempa å være svært avgrensa.

Vinterstid: Om vinteren er det berre tirsdag i perioden kl. 12-16 at skyting blokkerer lylsløypa. Laurdagar er også skyting tillate, men berre etter avtale med idrettslaget, noko som betyr at skyttarane alltid må vike dersom idrettslaget vil nytte lylsløypa. Det er berre lylsløypa som blir påverka av skyting tirsdagar i vinterhalvåret. Alle øvrige skiløyper er alltid tilgjengelege frå vestsida av standplass.

Grunneigarar og naboor, merknad 7: Skogsdrift blir øydelagt.

Kommunedirektøren viser til at det er opna for skyting frå kl. 14 tre verkedagar i veka. Fram til kl. 14 disse tre dagane, og heile dagen dei øvrige dagane, er det fritt fram for skogsdrift. Ved eventuell framtidig flatehogst innanfor fareområdet, med innleide mannskap og maskiner, kan det avtalast ein periode der det ikkje kan skytast slik at flatehogsten kan gjennomførast utan opphold. Det ligg såleis til rette for at rasjonell skogsdrift kan gjennomførast, med godt samarbeid mellom aktørane.

Grunneigarar og naboor, merknad 8: Jaktmuleheitane vert øydelagt.

Kommunedirektøren viser til at skytinga i sommarhalvåret berre kan skje fram til 15.09. Sjølv om jakta startar før dette er det vanskeleg å sjå at skyteaktiviteten øydelegg for jakta.

Erfaring tilseier at skytinga ikkje skremmer viltet. Dette betyr at det berre er jakt i skytebana sitt fareområde medan skyting pågår, som er problematisk. Det er grunn til å understreke at behovet for å kunne skyte fram til 15.09 skuldast nettopp jegerane sitt behov for skytetrening og oppskyting.

Grunneigarar og naboar, merknad 9: Beite blir øydelagd.

Kommunedirektøren viser til at sjølve skytebana er myr, medan resten av fareområdet er skog. Området er såleis ikkje eigna som beite og det er lite truleg at beitedyr sjølv finn vegen inn på skytebana. Nærliggende beiteareal blir ikkje påverka av skyting. Verken kyr, hestar, sauar eller andre beitedyr reagerer negativt på skytestøy, og sameksistens mellom skytebaner og nærliggande beiteareal er vanleg over heile landet.

Grunneigarar og naboar, merknad 10: Plana opnar for at ein kan sette opp eit bygg på 800 m² for å ta høgde for framtidige behov.

Kommunedirektøren viser til at talet er feil. Det er opna for å auke bygningsmassen med vel 400 m². Det er pr. i dag ingen planer om dette, men ein reguleringsplan bør ta høgde for mulege framtidige behov. Det er presisert at dette gjeld samla for både skyttarlaget og idrettslaget.

Grunneigarar og naboar, merknad 11: Ein nabo har postkassestativ, busker og søppeldunkar i det foreslått regulert frisiktsone og er ikkje interessert i å flytte desse.

Kommunedirektøren viser til at plasseringa av postkassestativ, busker og søppeldunkar representerer akkurat den same tryggleiksrisikoen i dag. Dei faktiske tryggleiksmessige forholda blir ikkje påverka av reguleringsplanen.

Grunneigarar og naboar, merknad 12: Det blir skote på dagar skyting ikkje er annonsert og før kl. 18 der dette er annonsert.

Kommunedirektøren viser til at så lenge det ikkje ligg føre ein reguleringsplan med fastsette skytetider er ikkje skyting utanom annonserete tider forboden. Med ein vedtatt reguleringsplan vil skyting ut over skytetidene ikkje vere lovleg.

Grunneigarar og naboar, merknad 13: Ein nabo etterlyser oppgradering av vegen i forbindelse med auka trafikk, for å redusere støvproblematikken.

Kommunedirektøren viser til at det ikkje er venta trafikkauke som følgje av reguleringsplanen. Den kommunale vegen inngår i kommunens planer for vedlikehald av kommunale vegar. Uavhengig av reguleringsplanen og på lik line med mange andre kommunal vegar, er det ønskeleg både med betre vegstandard og vedlikehald, men dette er også eit spørsmål om økonomiske ressursar og prioriteringar.

Oppsummering

Kommunedirektøren vurderer at det no ligg til rette for at reguleringsplanen kan godkjennast. Ved kommentarane til merknadane ovanfor, meiner kommunedirektøren at det går greitt fram at skytebane, idrettslag, skogsdrift, naboar osv. har eit godt potensiale for framhaldande sameksistens og samarbeid til glede for mange. Sjølv om det i utgangspunktet er skepsis frå enkelte hald, registrerer kommunedirektøren også tilbakemeldingar som går på at skytebana er ein ønska aktivitet i bygda. Kommunedirektøren respekterer sjølvsagt alle syn på saka. Likevel veg det tyngst at skytebaner generelt er vurdert som eit samfunnsnyttig tiltak både for viltforvaltninga og i beredskapssamanhang. Det er såleis å håpe og tru at når vedtaket først er fatta, vil skytebana i regulerte former på Vågstranda bli til glede og nyte for dei fleste.

Vedlegg

Planforslag Vågstranda skytebane PlanID 21_00303
220620 Vågstranda skytebane Planforslag
V2 Regplankart Vågstranda
V1 Reguleringsbestemmelser
V5a Varslingsliste
V5c Merknader
V4 ROS-analyse Vågstranda
V3 220612 N Støy Vågstranda skytebane
V5b Annonse
Vågstranda skytebane - Forslag til detaljreguleringsplan – Vedtak om offentleg ettersyn (Høyring)
Innspill til Vågstranda skytebane - Forslag til detaljreguleringsplan - Frå Ole Kåre Nyhagen
Merknad til Detaljregulering for Vågstranda skytebane - fra Kenneth Finsås
Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Vågstranda skytebane - fråsegn ved offentleg ettersyn
Merknad til detaljregulering for Vågstranda skytebane - frå Olav Nyhagen og Ole Kåre Nyhagen - e-post
Merknad til detaljregulering for Vågstranda skytebane - frå Olav Nyhagen og Ole Kåre Nyhagen
NVE sin uttale - Høyring og offentleg ettersyn - Framlegg til reguleringsplan - Vågstranda skyt
338018_1_1
Merknader til forslag til detaljregulering for Vågstranda Skytebane - Fra Tor Rune Talberg
klage på Vågstranda skytebane, Plan 21_00303.msg
klage på vedtak Vågstranda skytebane Plan 21 00303.odt
Tvist om Festeavtale for skytebane Leidulf Øverland (Datalex ref_ BKM-22226)
22 08 23 Uttale til krav om ekspropriasjon fra Leidulf Øverland_126564
Uttale til krav om ekspropriasjon - fra Stig Robert Talberg

Særutskrift: